



Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Aukra kommune

§ 1. Formål og verkeområde

Forskrifta sitt formål er å regulere Aukra kommune sine opnings- og skjenketider for serverings- og skjenkestader og salstider i butikk.

Forskrifta gjeld for alle serverings-, sals- og skjenkestader som driv løyvepliktig verksemd etter serveringslova og alkohollova. Serveringsstader som ikke har skjenkjeløyve er ikke omfatta av reglane i forskriften om opningstid.

Alkoholhaldig drikk kan berre seljast i bemanna opningstider.

§ 2. Skjenketider

Skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er kl. 08:00 – 01:30 der lokala har opningstid til kl. 02.00.

Skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er kl. 13:00 – 01:00 der lokala har opningstid til kl. 02.00.

For eit enkelthøve (slutta selskap) kan kommunen gje dispensasjon etter søknad når det ligg føre særlege grunnar. Dispensasjonsspørsmålet vert avgjort av ordføraren.

§ 3 Sal og utlevering av øl

Sals- og utleveringstida for alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkohol følgjer opningstida til utsalsstaden, likevel slik at alkoholhaldig drikk berre kan seljast eller utleverast frå kl. 08.00 til kl. 20.00 på kvardagar.

På dagar før sørn- og heilagdagar, unntake dagen før Kristi Himmelfartsdag, kan alkoholhaldig drikk berre seljast og bli utlevert frå kl. 08.00 til kl. 18.00. Påske-, pinse-, jul- og nyttårsaften mellom kl. 08.00 og 18.00.

Butikkar som er omfatta av lov om heilagdagar og heilagdagsfred, må likevel stengja i samsvar med § 5 i lova.

På sørn- og heilagdagar, 1. og 17. mai er sal og utlevering av alkoholhaldig drikk ikkje tillate.

Sal av alkoholhaldig drikk på valldagen er tillatt.

Salstidspunktet skal forståast som innslagstidspunktet på kassaapparatet. Utlevering av alkoholhaldig drikk til kunden ved nettsal skal skje innanfor utleveringstidene angitt i denne føresegna.